

Mykje folk og flott feiring!

17.05.2016



Mykje folk ved Bautasteinen.

Feiringa av nasjonaldagen i Uskedalen i år vil gå over i historien som ein av dei aller mest vellukka vi har hatt i bygda dei seinare åra. Veret var perfekt, men det var også ekstra mykje folk frå første programpost, og stemninga utover dagen var svært god. Det var mykje glade folk, og programavviklinga gleid svært fint.



[Flinke 5.klassingar les Olaf Agnar Gausvik sitt dikt.](#)

Programmet fulgte den tradisjonelle leisten, men det var gjort eit par små vellukka vriar. Programstarten med gudstenesta var svært flott, og denne vil verta omtala i eiga sak.

Folkemassane flytta seg etter gudstenesta til Bautasteinen der det var vanleg program med 17.mai-musikk og songar der Uskedal musikklag var tonefølgje og Trygve Haugland forsongar. Dette ramma inn hovudposten ved Bautasteinen som femteklasselevane stod for. Først les dei 13 elevane Olaf Agnar Gausvik sitt dikt før to av elevane, Anna Elisabeth Samland Eik og Ruth Maria Myklebust, la ned krans.



Ruth Maria og Anna Elisabeth la ned krans ved Bautasteinen.

Folketoget gikk inn bygda og opp over Dønhaug før det var stopp på Stemneplassen. Der heldt 17 år gamle Solveig Haugland ein svært flott minnetale før folketoget gikk vidare til skulen. Gjennom heile ruta gjorde Uskedal skulemusikk ein formidabel jobb. Det er ikkje den lettaste ruta, og understeikna er svært imponert over det dei presterte.

På skulen var det mange kjekke leikar for borna. Stemninga i skulområdet var svært god. Her kosa ein seg både inne i Aktivitetshuset der det var både rømmegraut og mengder av kaker, og ute på skuleområdet. Skikkeleg godstemning var det.

I hovudprogrammet var det Dag Helland som heldt talen for dagen slik han også gjorde i 1997. Han heldt fram den historiske bakgrunnen for fridommen vår, før han avslutningsvis kom inn på gode poeng når det gjeld utfordringar i framtida. Helland sa at dei største utfordringane var knytta til rasisme. Han viste i samband med utfordringane både til då han budde i USA, og til ein setning frå Paulus som vart lesen i kyrkja tidlegare i dag: 'Kven har sett deg høgare enn andre? osv.'

Han understreka at ingen har rett til å heva oss over andre. Ikkje grunna hudfarge, ikkje grunna kjønn, ikkje grunna legning m.m. Det finst ingen grunnar for det. Ein god måte å avslutta dagens tale på.



[Skulemusikken gjorde ein kjempejobb både i toget og i hovudprogrammet.](#)

I hovudprogrammet bidrog som vanleg Røyserrett for alle, Uskedal skulemusikk og Uskedal musikklag. Alle skal ha stor ære for det vakre programmet, men underteikna har igjen lyst å trekkja fram ungdommane. Etter ein tøff dag tidlegare gjennomførte dei eit flott program på imponerande vis. Dei utviklar seg stadig, og fornyar heile tida repertoaret sitt. Medaljane nokre av dei fekk for 7, 5 og 3 års medlemskap var veldig fortent! Elles var det premieutdeling og blomstertakk. Raskt og fint gjekk det, og vrien med at vinnarane på programma berre vart annonsert for så å henta gevinsten var tidssparande og vellukka.

Ola Matti Mathisen vart takka for 10 års teneste. Det kjem som eiga sak. Seinare i veka vil det også koma ein biletserie med mange fleire bilete frå den fine feiringa av dagen. Der er det veldig kjekt om lesarane sender inn.



Jaran J. Eide var kjempeflink å instruera Riyana i sykkelløpet.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.